Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Møre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. 7 | Herad: Hareid

Emne: Skav | Bygdelag: Nedre Hareidsdal

Oppskr. av: Ludv. N. Halstad | Gard: Halstad

(adresse): Hareid | G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Frå gamle folk som har sett eller høyrt om det.

SVAR

Skav.

Spörsmål 1. Som samnamn for dei ymse forslag utanom høy vert både hjelpe-for, naudfor og raskefor brukt.

Spörsmål 2. Det er truleg at „vedafor" har vore brukt, men sikkert kan eg inkje seia det.

Spörsmål 3. Böjing: Å skava, eg skjev, eg skov, eg vil skave.

Spörsmål 4. Ja skav har vore nytta til kråterfor, men inkje manngjamt og inkje i seinare tid. Her har vore lite av slik skavskog, so nokor mykje bruk har det aldri vore so langt attende som vi kan vita noko om det.
Det har vistnok inkje vore rekna som noko „regulert" förslag, men berre som ei naudhjelp i förläysa.

Spörsmål 5. Her i bygda har inkje vore so mange treslag å velja millom. Det er omtrent berre rogn (raun) som har vore brukt her i kring. Selje er her litt av, og liming osp, men det er lite eller nesten inkje det har vore skave av desse treslaga.

9290

Og slett inkje av bartre gran eller furu, få det fanst her inkje. Alm vaks her heller inkje, men nokre få tre ha vore planta som tuntre somme stader ein gong i tida. Desse har inkje vore skava, det eg veit.

Spörsm. 6. Nei, aldri skav eller skjeola nytta om eit sers treslag kjenner vi inkje til.

Spörsm. 7. Dette rimet kjenner eg berre frå litteraturen. Eg har inkje kome fram på det her i bygdene.

Spörsm. 8. Etter det eg har fått opplyst er det særleg kyrne som har fått skaven. Sauen jaga dei heller ut, so han kunne ta det sjölv, og geita med. Hesten veit eg inkje om han fekk noko skav. Dei blanda det inkje med noko anna för. Det var berre rogna dei hadde å ta til her. Om skav av Older, or, (åre seier vi) veit eg ingen ting.

Spörsm. 9. Eg trur inkje dei fekk meir mjölk, men ho vart feitare, og smöret vart gulare. Men mjölka fekk ein beisk bi=smak trur dei gamle.

Spörsm. 10. Til dette må eg svara at sovidt eg kan skyna har dei bruka begge måtane. Når det leid ut på vin=teren eller tidleg om våren då såg dei korleis det ville arte seg med förmengda, og såg det kritisk ut so drog dei av=stad og tok skav der dei fann det, og då trur eg helst dei smia det på sta=den der rognen stod.

Ein gamal mann fortalde meg dette: Når eg var barn (kring 1900) var det ein

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9290

av grannane våre som mest altid var
loalaus (fôrmangel), når det lid til mari=
messe. Då laut dei på skavskogen, men
det måtte helst vera om natta eller tidleg
om morgonen. Det skulle vera løynt.
Ingen måtte få greie på at dei trongde
skav, og at dei var for lite fôr i löda.
Om dette var eit vanleg syn millom
bygdefolket veit eg ikkje, men det er ikkje
letruleg. Det var nok slik ofte at dei
som år etter år vart i fôrknipe, dei vart
litt „ned-på-sedde". Dei som eit for folke=
snakket. Difor vart skavsniinga sume
stader som eit lureri.

Men eg trur nok at det mest van=
lege var at dei skar ved og gardstaur
og hesjestaur og bruka det etterkvart.
Det vil seia på sume gardar. Men
mange var so varsame når dei „sette
på" om hausten, at dei hadde nok høy og
halm og dei bydde seg ikkje med skavet.
Eg har snia i hundreavis med gard=
staur og hesjestaur av rogn, men aldri
brukt skavet til krötera. Det same kan
seiast om flestalle gardar her i bygda i
seinare tid, (dei siste 50 år).
Men for 70-80 år sidan var det nok ann=
leis. Ei gamal kone 74 år fortalde at
bestefar hennar ikkje tolde sjå at dei
ungi sette frå seg ein rogne-skjepp
i smia. Då tok han altid kniven og
snia skjeppen og gav skavet til dyrne.
(Kring 1880).

Spørsm. 11. Eg torer ikkje seie noko

9290
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sikkert om desse spursmåla, då ingen av dei gamle eg har snakka med har sjølve vore med på skavtaking. Ordet „Smarka", smarkaskog, Morkaskog, visse etter mork, å smarka, er helst ukjende i samband med å smia skav.

Men vi har her i bygda ein gard som heiter „Mork" eller „Morken". Ein mann derifrå heiter Ragnvald Mork, han bur frami Morka, Morkinje. Og stundom seier vi: Eg har vore fram i Morka skogane. Dette har i alfall inkje nokon samband med skavtaking i den tid vi veit om.

Men so høyrde eg eit ordtak av dei gamle stundom, og det er lenge sidan eg høyrde det no. Når nokon, anten av born eller vaksne, kom svoltne og sundrivne på klæ og sko då sa dei gamle: „Kvar i all verda er det du he vore, kjöme du ta skavskogja fara".

Spörsm. 12. Eg meiner dei her seier skav og skavmed.

Spörsm. 13. Nei, eg kjenner inkje ordet smarka som gjerningsord, men eg torer inkje forsikre nokon om det har vore i bruk og har døytt ut.

Spörsm. 14. Tidleg om våren. Sjå spörsm. 10 og 11. Skikka å gå ut langfredag på fastande hjarte, (dei skulle lida med Jesus) har eg inkje høyrt om.

Spursm. 15. Ute på tunet eller i vedahuset, eller ogso ute i smarkene der trea stod.

Spursm. 16. Bandekniven er det mest

vanlege no når vi smiar borken av all slag staur, og han er gamal i garden so eg trur det er den som har vore i bruk frå gamalt av. Men vi brukar ogso ongoje ein vanleg tollekniv.

Bandekniven såg slik ut: 

Ein serskilt skavekniv kjenner vi ikkje. Bandekniven er laga spesielt til denne smiinga. Men eg har ogso sett at dei kan bruka ei ljåspik når dei ikkje hadde noko anna. Og då tok dei berre ei fille kring begge endane og bruka hendene akkurat som med bandekniven. Det er handtak i begge endane på desse knivane og so dreg ein altid åt seg. Dei gamle tyrsleljåane kjenner vi ikkje til her omt oss.

Spörsm. 17–18. Det er vanskeleg for meg å svara rett på desse spörsmåla når eg ikkje sjölv har vore med på skaving til Kråtera. Men etter dei opplysningane eg har fått so var framgangsmåten den same når dei skav til bruk i fjöset og til staur. Og det var endefram og liketil utan bruk av noko serskilt. Vi sette enden på stauren opp etter ein vegg (i vedhuset eller vedskjåen) andre enden i golvet og stod overandes eller attmed, og smia. Slik eg har smia skjeppar og staur so brukte eg korkje sagkrakk eller klufttegrein eller noko anna remedi til dette arbeidet. Vi kjenner ikkje til skavekrakk eller skavhæl.

Eg har, som eg skriv ovanfor smia ongyje staur både med bandekniv og vanleg kniv, men aldri bruka serskilde innretningar til dette.

9290
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Slik trur eg det er på alle gardane her i bygdene.

Spörsmål 19. Brukar ein bandekniv so held ein i med ei hand i kvart handtak, og da må ein helst stå. Men brukar ein vanlig follekniv då held ein i kjeppen med ei hand og kniven i den andre, og då kan ein ogso sete. Kjeppen står stille. Det er ~~[illegible]~~ kniven ein förer. Bandekniven altid mot mannen. Tollekniven både til og frå.

Spörsm. 20. Skavved og skavkjepp.

Sp. sm. 21. Skav. Skavklokke eller noko anna namn kjenner eg ikkje.

Sp. sm. 22. Når det verkelig var naud og trong, då skav dei alt dei fann av rogn, stort og smått. Men elles var det vanlegvis berre tunne kjeppar. Ja, det var lenger enn vanlig brennved.

Spörsm. 23. Kjenner ikkje til noko av desse namna. Men kubbe er tjukke korte ved=stykke.

Spörsm. 24. Nei, dette veit eg ingenting om. Men det veit fortalt at dei som brukte skav dei tok ogso heile kvistene, toppkvister av rogn og kasta inn i båsane, når ikkje kvistene var alt for grove.

Spörsm. 25. Veit ikkje. Det meste var granne kjeppar som vart nytta til staur og skaft=emne.

Spörsm. 26. Nei, eg veit ingen som nytta skav no, sjölv om vårknipa er aldri so stor. Då kjöpar dei både höy og kraftfor. Og før det vart slutt med korndyrkinga var det altid ein eller annan gardbrukar som selde halm til dei som var illekomne.

I dette hundraåret har det sikkert minka fort med skav-smiing til bruk i fjøset. Og dei siste 30-40 år er det vel heilt slutt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9290